



Sak nr 30/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om varmestogo langs skiløype på Murkelie

Stølslaget på Murkelie har muntleg søkt om å få føre opp ei varmestogo langs skilløypa på Murkelie. Huset er på 4 x 2 meter og med eit overbygg på 1-1,5 meter.

Oppføring av eit slikt bygg er grunndisponering jf. § 12 i fjellova. Statskog avgjer søknaden etter uttale frå fjellstyret.

Stølslaget har tidlegare vore i kontakt med fjellstyret om å få setja opp ein gapahuk. Fjellstyret gav då signal om at ein føresetnad for å tilråda dette er at stølslaget organiserar seg, slik at det er nokon som er ansvarlege for vedlikehaldet. Stølslaget har opplyst at det vil bli danna eit "stølsråd" i løpet av sumaren.

Det aktuelle bygget er enden av eit gammalt sel. Ut frå foto finn fjellstyret det vanskeleg å ta stilling til utforming av bygget. Det må leggjast fram teikningar over korleis bygget blir når det er ferdig, saman med ein skriftleg søknad til Statskog.

Vedtak:

Fjellstyret ser positiv på tiltaket og tilrår over for Statskog at søkjarane får løyve til oppføring av varmestogo. Ein føresett at Statskog tek ansvar vurdering av utforming av bygget, slik at det ikkje er nødvendig med ei ny behandling i fjellstyret.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Stølslaget Murkelie v/Oddvar Ola Thon